



Justis- og beredskapsdepartementet  
Sendt inn via regjeringen.no

Dykkar referanse: 21/1181  
Vår referanse: 2021/44  
Dato: 30.04.2021

## Høringsfråsegn – NOU 2020:17 «Varslede drap? Partnerdrapsutvalgets utredning»

Me viser til høringsbrev av 22.02.2021 der NOU 2020:17 «Varslede drap?  
Partnerdrapsutvalgets utredning» vart sendt på høyring.

### 1. Overordna om høyringa

Utvalet vart sett ned for å gjennomgå drapssaker der gjerningspersonen var dåverande eller tidlegare partner. Målet var å avdekkje om, i kva grad, og eventuelt på kva måte det hadde førekome svikt i det offentleg tenesteapparatet si handtering i forkant av drapa. Utvalet hadde vidare i oppgåve å kome med tilrådingar om korleis partnardrap betre kan verte førebygga og hindra.

I utgreiinga går utvalet gjennom straffesaksdokumenta i 19 partnardrapssaker i Noreg som fann stad i perioden 2014 til 2017. Vidare har utvalet gått gjennom tilgjengeleg kunnskap og forskning på partnardrap, og sjølv gjennomført ei undersøking. Utvalet fann fleire utfordringar som gjekk att i sakene dei gjekk i gjennom. På bakgrunn av gjennomgangen, sine egne erfaringar og andre kunnskapskjelder, fremjar utvalet til saman 70 tiltak som det tilrår styresmaktene å setje i verk for å betre førebygginga og hindringa av partnervald og partnardrap i framtida. 30 av dei føreslegne tiltaka er generelle, og gjeld alle instansar i hjelpeapparatet. 39 av tiltaka er retta mot politiet og andre særlege instansar i hjelpeapparatet.

Dei fleste av dei tilrådde tiltaka inneber å ta i bruk eksisterande verkemiddel for førebygging av vald i nære relasjonar og partnardrap, samt ei dreiging mot lovfesting av eksisterande oppgåver, tilrådingar og retningslinjer som i dag ikkje er rettsleg bindande knytt til arbeid med vald i nære relasjonar. Nokre av dei føreslegne tiltaka er nye, til dømes tilrådinga om å opprette ein permanent nasjonal partnardrapskommisjon. Tiltaka dreier seg i stor grad om avdekking, risikovurdering og risikohandtering av partnervald, på bakgrunn av at det hadde førekome partnervald i alle partnardrapssakene utvalet gjekk i gjennom.

## **2. Staten si menneskerettslege plikt til å førebygge vald i nære relasjonar og partnardrap**

Utgreiinga aktualiserer ei rekkje menneskerettar som styresmaktene er forplikta til å sikre. Desse omfattar retten til liv, retten til fridom frå tortur, umenneskeleg og nedverdiggande behandling og straff, samt retten til privatliv etter Grunnlova, Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og FNs konvensjon om sivile og politiske rettार. Vidare aktualiserer utgreiinga særlege plikter etter mellom anna FNs kvinnekonvensjon, FNs barnekonvensjon og Europarådets konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (Istanbulkonvensjonen). Utvalet gjer greie for desse i kapittel 3 i utgreiinga.

NIM sitt overordna syn er at utgreiinga gir styresmaktene eit godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for å setje i verk tiltak for å betre ivareta staten si menneskerettslege plikt til å førebygge partnervald og partnardrap. Vidare kan fleire av utvalet sine føreslegne tiltak forankrast i konkrete menneskerettslege plikter som Noreg er bunden av, særleg etter Istanbulkonvensjonen og EMK.<sup>1</sup> Fleire av tiltaka utvalet tilrår vil etter NIM sitt syn kunne bidra til betre etterleving av desse pliktene.<sup>2</sup>

## **3. Overordna om risikohandtering og risikovurdering**

Utvalet peikar gjennomgåande på viktigheita av risikovurdering og risikohandtering for å effektivt kunne førebygge vald i nære relasjonar, og følgjeleg partnardrap. Fleire av tilrådingane utvalet kjem med i utgreiinga knyt seg til ulike former for styrking av politiet og hjelpeapparatet si risikovurdering og risikohandtering av vald i nære relasjonar, partnervald og partnardrap, for å setje desse i stand til å betre kunne avdekke og handtere risiko for alvorleg partnervald og partnardrap. Tilrådingane gjeld til dømes kunnskap- og kompetanseheving og lovfesting av fleire eksisterande plikter for politiet og ulike hjelpetenester.

Staten har ei menneskerettsleg plikt til å sikre tilstrekkeleg risikovurdering og risikohandtering. Dette følgjer mellom anna av at staten si positive sikreplikt etter mellom anna EMK. Vidare er staten forplikta etter Istanbulkonvensjonen artikkel 51 til å treffe dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle relevante styresmakter gjennomfører ei vurdering av faren for dødeleg utgang, av kor alvorleg situasjonen er og risikoen for gjenteken vald, med sikte på å handtere risikoen og om naudsynt sørgje for samordna tryggleik og støtte.

---

<sup>1</sup> Istanbulkonvensjonen sine detaljerte føresegner er i stor grad basert på rettspraksis frå EMD.

<sup>2</sup> I høyringssvaret omtalar ikkje NIM alle dei føreslegne tiltaka. Dette tyder ikkje at NIM meiner at desse ikkje er gode eller velgrunna. Det tyder heller ikkje at me ikkje meiner dei kan bidra til å oppfylle menneskerettslege plikter til å førebygge vald i nære relasjonar og partnardrap. Som nemnt er NIM i hovudsak jamt over positive til utvalet sine tilrådingar.

#### 4. Kunnskaps- og kompetanseheving

Eit gjennomgåande tema som utvalet framhevar i utgreiinga er manglar i politiet og hjelpeapparatet sin kunnskap og kompetanse om vald i nære relasjonar, alvorleg partnarvald og partnardrap. Etter utvalet sitt syn medførte mangel på tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse at førebyggjande tiltak ikkje vart sett i verk i tide i dei gjennomgåtte sakene. I alle sakene som utvalet gjekk gjennom hadde det førekome partnarvald i forkant. Eit gjennomgåande funn var at politiet og hjelpeapparatet gjerne undervurderte risikoen for alvorleg partnarvald og partnardrap. Utvalet trekker mellom anna fram manglande forståing av vald i nære relasjonar som fenomen og kva ulike former vald kan ta. Vidare peika utvalet på mangelfull kunnskap om kulturforståing og kultursensitivitet, samt kunnskap om det relevante regelverket og dei relevante tilgjengelege hjelpetilboda.

Utvalet føreslår ei rekkje tiltak for å heve kunnskapen og kompetansen hjå politiet, hjelpeapparatet, og andre relevante organ. Utvalet tilrår mellom anna å setje i verk eit generelt kunnskaps- og kompetanseløft for alle relevante instansar. Tilrådinga inneber innarbeiding og sikring av implementering av kunnskapskrav om vald i nære relasjonar, risikovurdering, kommunikasjon, kultursensitivitet og samhandling i relevante rammeplanar for utdanning, og tilsvarende kunnskaps- og kompetansekrav i all relevant vidare- og etterutdanning. Utvalet føreslår også at det vert ført tilsyn med implementering av desse krava, og at utdanningskvaliteten vert evaluert.

Utvalet tilrår også kunnskaps- og kompetansehevingstiltak for nokre særlege organ. Utvalet føreslår mellom anna å sikre at alle politidistrikt har eigne påtalejuristar med god kunnskap om og innsikt i vald i nære relasjonar. Vidare føreslår utvalet utvikling av eigne etterutdanningskurs for ulike grupper helsepersonell og tilsette i asylmottak, og formelle kompetansekrav for og krav om etter- og vidareutdanning av krisesenter-tilsette. Utvalet tilrår også at kunnskap om og kompetanse på vald i nære relasjonar, partnardrap, risikovurdering og -handtering vert inkludert i kvalitets- og kompetanseløftet i dei kommunale barneverntenestene.

NIM er positive til utvalet sine tilrådingar. Kunnskap og kompetanse i hjelpeapparatet og politiet er essensielt for å førebygge og hindre vald i nære relasjonar, inkludert partnarvald og partnardrap. At desse instansane skal ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse følgjer også av Noregs plikter etter Istanbulkonvensjonen. Av Istanbulkonvensjonen artikkel 15 (1) følgjer det at staten har plikt til å sørgje for eigna opplæring for dei aktuelle fagpersonane som har å gjere med offer eller gjerningspersonar for alle slags valdshandlingar omfatta av konvensjonen, i førebygging og oppbygging av slik vald og i offera sine behov og rettar. Vidare følgjer det av Istanbulkonvensjonen artikkel 19 at staten er forplikta til å treffe tiltak som er

naudsynte for å sikre at valdsutsette mottok adekvat informasjon til rett tid om tilgjengelege støttetjenester og juridiske åtgjerder, på eit språk som dei forstår.<sup>3</sup> NIM meiner derfor at utvalet sine føreslegne tiltak vil kunne bidra til betre etterleving av Istanbulkonvensjonen.

## 5. Koordinering og informasjonsutveksling mellom instansar i hjelpeapparatet

Eit anna viktig funn i utgreiinga var at dei ulike instansane i hjelpeapparatet i liten grad såg ut til å utveksle informasjon med kvarandre. Utvalet sitt inntrykk var at dei involverte instansane satt med delar av situasjonsbiletet, medan ingen hadde tilstrekkeleg informasjon til å danne seg eit heilskapleg bilete av situasjonen og risikoen for liv og helse. Etter utvalet sitt syn kunne meir informasjonsutveksling mellom instansane i hjelpeapparatet ha auka sannsynet for at den reelle risikoen for tap av liv vart fanga opp, og følgjeleg at førebyggjande tiltak vart sett i verk. Utvalet sitt syn er at den manglande informasjonsutvekslinga hang saman med mangelfull kunnskap om regelverket for teieplikt og informasjonsutveksling, heller enn manglar ved sjølve regelverket.

På bakgrunn av dette tilrår utvalet at alle relevante instansar bør gjennomføre etterutdanningskurs om regelverket om teieplikt og informasjonsutveksling, og implementering av ny tverrsektoriell rettleiar om dette regelverket. Utvalet tilrår også å påleggje kommunar ei plikt til å etablere ein tverrfagleg og -etatleg samarbeidsmodell for vurdering og handtering av saker om vald i nære relasjonar, for å heve kvaliteten på instansane sitt samordna arbeid.<sup>4</sup>

Koordinert samarbeid mellom instansar er del av Noreg sine menneskerettslege plikter etter Istanbulkonvensjonen. Istanbulkonvensjonen artikkel 15 (2) forpliktar staten til å oppmuntre til at opplæringa av fagpersonar skal omfatte opplæring i koordinert samarbeid mellom fleire organ for å mogleggjere ei heilskapleg og eigna handtering av valdstilfelle som fell innanfor konvensjonen. Det følgjer også av Istanbulkonvensjonen meir overordna at staten skal føre ein heilskapleg samordna politikk for førebygging og nedkjemping av vald i nære relasjonar, jf. artikkel 7. Tverrsektorielt arbeid er ein sentral komponent i dette arbeidet, og artikkel 7 (2) forpliktar staten til å sikre at det

---

<sup>3</sup> Etter Istanbulkonvensjonen artikkel 12 (3) staten forplikta til å sørge for at alle tiltak som vert sett i verk for å førebygge vald i nære relasjonar i samsvar med føresegnene i konvensjonen skal omhandle og ta høgd for dei særlege behova hos personar som på grunn av spesielle omstende er blitt sårbare. Sårbare personar omfattar mellom anna nasjonale og etniske minoritetar, migrantar (inkludert udokumenterte migrantar og flyktingar) og personar med funksjonsnedsetjingar, sjå *Explanatory Report to the Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, avsnitt 87, som definerer kven som er rekna som «sårbar personar» etter konvensjonen

<sup>4</sup> Utvalet framhevar at det ved ei slik plikt må vere opp til kommunane sjølv å utarbeide ein modell som er tilpassa lokale tilhøve og behov.

førebyggjande arbeidet vert gjennomført gjennom eit effektivt samarbeid mellom alle relevante etatar, institusjonar og organisasjonar

Etter NIM sitt syn vil utvalet sine føreslegne tiltak kunne bidra til betre etterleving av våre plikter etter Istanbulkonvensjonen til å sikre eit heilskapleg og samordna rammeverk for førebygging av vald, samt betre etterleving av artikkel 7 og 15.

## **6. Forsking på vald i nære relasjonar og permanent nasjonal partnardrapskommisjon**

Utvalet peikar på at førebygging av partnarvald og partnardrap krev kontinuerleg oppdatering av relevant kunnskap, og tilrår at det vert oppretta eit tematisk program om vald i nære relasjonar i regi av Noregs forskingsråd. Vidare føreslår utvalet at det vert oppretta ein permanent partnardrapskommisjon som kan gjennomgå saker om partnardrap kontinuerleg, med føremål om å avdekke og lære av feil og vidareutvikle førebyggingsarbeidet.

NIM er positiv til tiltak for å styrke forskning om vald i nære relasjonar i ein norsk kontekst. Forsking på og oppdatert kunnskap om vald og drap i nære relasjonar er sentralt for å effektivt kunne førebygge og forhindre vald i nære relasjonar, alvorleg partnarvald og partnardrap. Noreg er også menneskerettsleg forplikta etter Istanbulkonvensjonen artikkel 11 (2) til å støtte opp om forskning på alle former for vald som er omfatta av konvensjonen, med sikte på å undersøkje underliggjande grunnar til og verknader av slik vald. Etter NIM sitt syn vil gjennomføring av slike tiltak som utvalet føreslår bidra til å etterleve denne plikta, og følgeleg til staten si overordna plikt til å førebygge vald og drap i nære relasjonar.

## **7. Vern av den valdsutsette forelderen ved barn sin rett til samvær med valdsutøvar**

Utvalet peikar på nokre problemstillingar knytt til vern av valdsutsette bustadforeldre i samband med gjennomføring av samvær med samværsforeldre. Problemkomplekset reiser fleire spørsmål knytt til avveging av kryssande menneskerettar. Utgangspunktet etter menneskerettane er at barn og foreldre har rett til samvær med kvarandre, jf. EMK artikkel 8 og barnekonvensjonen artikkel 9 nr. 3. Samstundes har staten som kjent positive sikringsplikter for å hindre at både bustadforelder og barn vert utsett for vald.

NIM støttar utvalet sitt forslag om utgreiing av ei ordning som kan sørge for vern av den valdsutsette forelderen under gjennomføring av samvær. Utgreiinga må ta utgangspunkt i både barnet og samværsforelderen sin rett til samvær med kvarandre. Ei slik ordning kan truleg verte etablert som vilkår for samvær som vert fastsett av domstolen i medhald av barnelova § 43 tredje avsnitt.

Utvalet føreslår vidare at ein bør gjere ei utgreiing av om barnelova sine reglar om samvær tek i vare omsynet til å verne ein valdsutsett forelder i tilstrekkeleg grad. Utvalet peikar særleg på spørsmålet om samværsavgrensingar knytt til besøksforbod retta mot den eine forelderen, men ikkje barnet.

Slik NIM ser det, kan ein ikkje etter gjeldande rett legge til grunn at eit besøksforbod mot ein bustadforelder, men ikkje barnet, skal utgjere ein sjølvstendig heimel for å nekte gjennomføring av eit avtalt eller fastsett samvær. Barnelova § 43 bokstav b kjem berre til bruk når besøksforbodet er retta mot barnet. I Prop. 167 L (2016-2017) på side 42 skriv departementet at når forbodet berre vert fastsett overfor bustadforelder og barnet bur hjå denne personen vil det ofte ikkje vere til det beste for barnet med samvær, men føreslo ikkje lovregulering av dette, og viser til høyringsnotatet. I høyringsnotatet som proposisjonen viser til, står det at det ofte ikkje vil vere til det beste for barnet å gjennomføre eit avtalt eller fastsett samvær. NIM legg til grunn at endringar i samværsordningar som følgje av eit besøksforbod anten må verte avtalt, eller avgjort ved dom ved at det vert reist sak om samværsordninga knytt til barnelova § 43.

NIM er samde i at spørsmål knytt til vern av bustadforelder i samband med samværsituasjonar kan vere gjenstand for ei nærmare utgreiing. Som utvalet sjølv peikar på, kan ein ikkje gjere ei slik utgreiing utan å vurdere barn si stilling i desse sakene. Ei slik utgreiing må også ta utgangspunkt i at avgrensingar i eller nekting av samvær vil vere eit inngrep i også samværsforelderen sin rett til familieliv. Eit slikt inngrep må derfor oppfylle vilkåra i EMK artikkel 8 nr. 2, som krev at inngrepet har heimel i lov, har eit legitimt føremål, og er naudsynt i eit demokratisk samfunn. Ein sentral del av vurderinga er om det som vert søkt oppnådd (vern av ein valdsutsett bustadforelder), kan verte oppnådd på ein mindre inngripande måte. Me peikar her på det me nemner ovanfor om tilslutninga vår til forslaget om å gjere ei utgreiing av ei ordning som sørger for vern av den valdsutsette forelderen i samband med samvær, og at slike tiltak må verte vurdert i staden for å avgrense samværet mellom barnet og forelderen, dersom samvær er til det beste for barnet.

Sjølv om staten etter Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) sin praksis har ein viss skjønnsmargin i vurderinga av om inngrep i familielivet kan verte rettferdiggjort som naudsynte i eit demokratisk samfunn, følgjer det av domstolen sin praksis at nettopp avgrensingar i samvær er underlagd ei meir intens prøving frå domstolen si side, sidan slike avgrensingar kan føre til at familieband vert «effectively curtailed», sjå til dømes *Elsholz mot Tyskland*.<sup>5</sup>

Det følgjer vidare av domstolen sin praksis at ein må treffe ein rimeleg balanse mellom individet og samfunnet sine interesser i saker om inngrep i familielivet. Sjølv om rettane til andre enn samværsforelderen er verdige vern, og kan utgjere eit legitimt føremål for

---

<sup>5</sup> Elsholz mot Tyskland, (25735/94), para 49.

avgrensingar i rettar, må ein alltid ta særleg omsyn til kva som er til det beste for barnet i vurderingar av inngrep i familielivet. I saka *Nuutinen mot Finland*, som mellom anna gjaldt avgrensingar i samværsrett og manglande tvangsfullbyrding av samvær, uttalte domstolen at “the interests as well as the rights and freedoms of all concerned must be taken into account, and more particularly the best interests of the child and his or her rights under Article 8 of the Convention.”<sup>6</sup>

Vidare:

“Where contacts with the parent might appear to threaten those interests or interfere with those rights, it is for the national authorities to strike a fair balance between them. What is decisive is whether the national authorities have taken all necessary steps to facilitate access as can reasonably be demanded in the special circumstances of each case.”<sup>7</sup>

## **8. Behandlingstilbodet for valdsutøvarar**

Utvalet peikar på nokre problemstillingar knytt til behandlingstilbodet for valdsutøvarar. Saksgjennomgangen viste ingen døme på at valdsutøvarar oppsøkte, eller fekk tilbod om, spesialiserte tilbod i eller utanfor det offentlege. På bakgrunn av dette tilrår utvalet ei styrking av det spesialiserte behandlingstilbodet for valdsutøvarar. Utvalet konkretiserer ikkje tilrådinga ytterlegare, men peikar mellom anna på at helsetenester bør ha rutinar for å vise pasientar til psykologar og terapeutar med kompetanse på å behandle valdsutøvarar, samt at relevante fagforeiningar bør samarbeide om oppretting av eit register over slike spesialistar som den offentlege helsetenesta kan vise til.

NIM er positiv til utvalet si tilråding om å setje i verk tiltak for å styrke behandlingstilbodet for valdsutøvarar. Styrking av behandlingstilbodet vil kunne bidra til betre etterleving av Istanbulkonvensjonen artikkel 16 (1). Etter denne føresegna har staten ei plikt til å treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette eller støtte program som er retta mot å lære utøvarar av vald i nære relasjonar å ta i bruk ikkje-valdeleg åtferd i mellommenneskelege relasjonar med sikte på å hindre ytterlegare vald og endre valdelege åtferdsmønster.

## **9. Krisesenter**

Utvalet omtalar utfordringar knytt til kunnskap om og drifta av krisesenter. Utvalet peikar på at berre eit fåtal av offera i dei gjennomgådde sakene hadde vore i kontakt med eit krisesenter før drapet fann stad. Utvalet fann mellom anna fleire døme på at

---

<sup>6</sup> Nuutinen mot Finland (32842/96), para. 128.

<sup>7</sup> Ibid.

instansar ikkje hadde informert den valdsutsette om krisesentertilbodet, eller ikkje lagt til rette for etablering av kontakt mellom den valdsutsette og eit krisesenter. Utvalet peikar også på at om lag halvparten av krisesentera i landet opplyser om utilstrekkelege ressursar, kapasitet og stillingar.

Utvalet tilrår fleire tiltak for å styrke krisesentertilbodet. Mellom anna føreslår utvalet å tydeleggjere kommunane sitt ansvar for gjennomføring og finansiering av krisesentertilbodet i krisesenterlova, at statsforvaltarane fører målretta tilsyn med kommunane sitt ansvar for å sikre eit likeverdig krisesenter av god kvalitet, at spreing av informasjon om tilbodet må vere eit prioritert innsatsområde i kommunale handlingsplanar om vald i nære relasjonar, og at innføring av bemanningsnorm for krisesenter bør verte utgreia.

NIM er positiv til tiltak for å betre krisesenterdekninga i Noreg. Staten har ei menneskerettsleg plikt til å sikre reell tilgang til krisesenter for valdsutsette. Denne plikta følgjer mellom anna Istanbulkonvensjonen artikkel 23, som forpliktar staten til å treffe dei tiltaka som er naudsynte for å opprette eit tilstrekkeleg tal med føremålstenlege og lett tilgjengelege krisesenter. Vidare har Noreg motteke kritikk frå FN sine overvakingsorgan for krisesenterstoda. FNs kvinnekomité har i sine siste tilrådingar til Noreg peikt på manglar ved krisesenterdekkinga i Noreg, og føreslått tiltak.<sup>8</sup> Fleire av FNs overvakingsorgan har også i sine tilrådingar framheva at den samiske folkesetnaden er særleg utsett for vald og overgrep, og tilrådd iverksetjing av tiltak for å gi vern til samiske valdsutsette, mellom anna å sikre eit adekvat krisesentertilbod.<sup>9</sup> Også NIM har peika på vald- og overgrepssituasjonen i samiske samfunn.<sup>10</sup> NIM vil også understreke viktigheita av at kommunane har tilstrekkelege ressursar til å etterleve sine plikter etter krisesenterlova og oppretthalde eit tilfredsstillande krisesentertilbod. Dette er sentralt for å etterleve plikta etter Istanbulkonvensjonen artikkel 23.

## 10. Avslutning

Samla sett meiner NIM at utgreiinga gir styresmaktene eit breitt og godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for å setje i verk tiltak for å betre førebygginga og hindringa av vald i nære relasjonar, alvorleg partnervald og partnardrap. Utvalet gjer grundig greie for

---

<sup>8</sup> Sjå FNs kvinnekomité, CEDAW/C/NOR/CO/9, paras. 24 (i) og 25 (f). Tilrådingar frå FNs overvakingsorgan, inkludert FNs kvinnekomité er ikkje rettsleg bindande, men gir uttrykk for korleis staten best kan etterlevesine menneskerettslege plikter.

<sup>9</sup> Sjå mellom anna FNs torturkomité, CAT/C/NOR/CO/8, paras. 23 (c) og 24 (c); FNs menneskerettskomité, CCPR/C/NOR/CO/7, para. 14 og para. 15 (a); FNs rasediskrimineringskomité; CERD/C/NOR/CO/23-24, paras 21 (a) og 22 (a).

<sup>10</sup> Sjå mellom anna NIM sin rapport *Vald og overgrep i samiske samfunn*, tilgjengeleg på nhri.no. Rapporten vert nemnt i utvalet si utgreiing.



gjennomgåande utfordringar i politiet, det offentlege hjelpeapparatet, og andre institusjonar. Funna utvalet gjer er alvorlege. Etter NIM sitt syn er det viktig å setje i vert tiltak for å betre førebygginga av partnardrap.

Gjennomføring av tiltaka utvalet føreslår i utgreiinga vil etter NIM sitt syn bidra til at staten oppfyller si menneskerettslege plikt til å førebygge vald i nære relasjonar, alvorleg partnarval og partnardrap. NIM meiner tiltaka utvalet tilrår særleg vil bidra til betre etterleving av Noreg sine plikter etter Istanbulkonvensjonen og etter EMK.

Me stiller oss til disposisjon for diskusjon og dialog om oppfølging av utvalet si utgreiing dersom det er ynskjeleg.

Venleg helsing  
for Noregs institusjon for menneskerettar

Gro Nystuen

Assisterande direktør

Mina Haugen

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har dermed ingen signatur.